



HØGSKULEN I VOLDA



Høgskolen i Molde
Vitenskapelig høgskole i logistikk

Ph.d. i helse- og sosialfag,
Profesjonsutøving - vilkår og utvikling

Prøveforelesing og forsvar av doktorgradsavhandling



Doktorand: Ingeborg Berg Skogen

Fredag 3. februar 2023 kl. 10.15 - 15.00

Høgskulen i Volda

[Lenke til strømming](#)

Ingeborg Berg Skogen held prøveforelesing og forsvarar si avhandling for doktorgraden i helse- og sosialfag, profesjonsutøving – vilkår og utvikling. Ph.d.-studiet blir gjeve av Høgskulen i Volda og Høgskolen i Molde i fellesskap. Doktorgradsdisputasen er avsluttande del av doktorgradsstudiet.

Tittel

“Stor og aktiv? Ungdommer og helsesykepleiere om fysisk aktivitet som oppfølging for ungdom med overvekt”

Oppsummering

Avhandlinga diskuterer fysisk aktivitet for ungdom som er i oppfølging av vekt i primærhelsetenesta, og korleis fysisk aktivitet vert opplevd og forstått blant ungdommane sjølve og blant helsesjukepleiarane som har ansvaret for oppfølginga.

Gjennom tre vitenskaplege artiklar utforskast mekanismar og sosiale strukturar som påverkar erfaringane og opplevingane til ungdommane og helsesjukepleiarane med fysisk aktivitet i ungdommane sine eigne sosiale nettverk og miljø.

Avhandlinga viser at eit støttande sosialt nettverk fremjar deltaking i fysisk aktivitet, medan vektstigma knytt til fysisk aktivitet blir skildra som spesielt hemmande for aktiv deltaking. I handteringa av vektstigma i fysisk aktivitet har ungdommane to hovudstrategiar; å unngå fysisk aktivitet eller overtyde miljøet om at dei ikkje passar inn i stigmatiserande karakteristikkar. Det blir konkludert med at retningslinene det blir arbeidd etter i oppfølginga av barn og unge med overvekt eller fedme i Noreg, manglar viktige perspektiv for å informere helsesjukepleiarar, og at eit medisinsk perspektiv derfor blir styrande når fysisk aktivitet skal tilråast.

Bakgrunn

Inspirasjonen for dette prosjektet starta med eit ønske om å forstå kva som gjer at det er utfordrande for nokre menneske å vere fysisk aktive. Det var eit ønske om å forstå korleis mekanismar og sosiale strukturar i den sosiale verklegheita til ungdommane påverkar deltaking i fysisk aktivitet.

Kva betydning kan forskinga få?

Avhandlinga bidreg med perspektiv i eit problemfelt som er relevant i dagens samfunn, og som det er behov for supplerande kunnskap om. I eit folkehelseperspektiv med fokus på sunn og helsefremjande livsstil trengst det kunnskap om både ungdommar og helsesjukepleiarar sine opplevingar og forståing av fysisk aktivitet i arbeidet med å leggje til rette for ein aktiv livsstil som er inkluderande for alle.

Medlemmar av bedømmingskommisjonen

Knut Løndal, professor, OsloMet

Agneta Yngve, professor, Uppsala Universitet

Solveig Straume, førsteamanuensis, Høgskolen i Molde

Hovudretteiar

Kjetil Laurits Høydal, førsteamanuensis, Høgskulen i Volda

Medretteiarar

Finn Ove Båtevik, professor, Høgskulen i Volda



Ingeborg Berg Skogen (38) har ein master i kroppsøvings- og idrettsvitskap frå Nord Universitet, og fullførte mastergraden sin i 2012. Skogen har også praktisk-pedagogisk utdanning med faga matematikk og naturfag i fagkrinsen, og har tidlegare jobba som lærar på ungdomstrinnet. Skogen er i dag fast tilsett som høgskulelektor ved Institutt for idrett og friluftsliv ved Høgskulen i Volda, Avdeling for kulturfag.

PROGRAM

10.15 : Prøveforelesing

Tema for prøveforelesinga: “Ta utgangspunkt i etablert kunnskap om fysisk aktivitet blant barn og unge. Hvilke anbefalinger om aktivitetsvalg bør gis til ungdom med overvekt eller fedme ved vurdering av scenarier om risiko versus nytte?”

11.00: Pause

12.15: Disputas

Tittelen på avhandlinga er: “Stor og aktiv? Ungdommer og helsesykepleiere om fysisk aktivitet som oppfølging for ungdom med overvekt”

- Prosesjon innmarsj (publikum reiser seg)
Dekan, doktorand, bedømmingskommisjon og leiar i doktorgradsutvalet
- Dekan introduserer doktorand og avhandlinga
- Doktoranden gjer greie for avhandlinga
- Førsteopponent eksaminerer doktoranden
- Kort pause – ca. 10 minutt
- Andreopponent eksaminerer doktoranden
- Opponentar ex auditorio
- Prosesjon utmarsj (publikum reiser seg)
Dekan, doktorand, bedømmingskommisjon og leiar i doktorgradsutvalet

Avhandlinga er tilgjengeleg for offentleg gjennomsyn frå og med 20. januar på Studentsørvis og i biblioteket.

